



## Statsforvaltaren i Vestland

Fedje kommune  
Austrheim kommune  
Masfjorden kommune  
Kystverket  
Region Nordhordland

Vår dato:  
13.10.2023

Vår ref:  
2020/14217

Dykkar dato: Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Svein Kornerud, 5557 2027

## Mekling interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland og Gulen

Det var mekling om den interkommunale planen for sjøareala i region Nordhordland og Gulen den 25.09.2023 hos Statsforvaltaren i Vestland i Statens Hus i Bergen. Meklinga var mellom kommunane Fedje, Austrheim og Masfjorden og dei statlege etatane Kystverket og Statsforvaltaren i Vestland som har motsegn til arealformål i planen.

Følgjande deltok i meklingsmøtet:

Fedje kommune: Ordførar Stian Herøy

Austrheim kommune: Ordførar Per Lerøy og Asbjørn Nagel Toft

Masfjorden kommune: Ordførar Karstein Totland og Sveinung Toft

Kystverket: Avdelingsleiar for hav- og kystforvaltningsavdelinga Jan Morten Hansen og sakshandsamar Turid Susort Jansen

Statsforvaltaren i Vestland: ass. statsforvaltar og meklar Gunnar O. Hæreid, seksjonsleiar Egil Hauge, seniorrådgjevar Hege Brekke Hellesøe, seniorrådgjevar Tom N. Pedersen og Svein Kornerud.

Følgjande representantar frå sekretariatet til den interkommunale planen var til stades under meklinga, utan at dei deltok i denne: Kristin Nåmdal, Bent Gunnar Næss og Hans Kristian Dolmen.

Det var mekla for kvar av kommunane for seg. Kommunen la først fram sitt syn, og deretter gjorde statleg etat med motsegn kort greie for denne.

Fedje kommune – området Hjeltevarden til formålet akvakultur

Kystverket og Statsforvaltaren har motsegn.

Kommunen gjorde greie for at Fedje er næringsfattig og treng næringsområde som dette. Området er godt egna for akvakultur. Det er mange aktørar som ønskjer å etablere akvakultur i området. Det er vanskeleg å finne andre område for akvakultur innan kommunen, da Fedje elles har mykje verharde sjøareal.



Til motsega frå Kystverket viste kommunen til at fjorden er tre km brei. Her er god plass til skipstrafikken, og det er sjeldan større skip med los går i nærleiken av dette området. Kommunen har lagt fram fleire forslag for plassering av akvakulturområdet og kan flytte det både lengre nord og sør.

Til motsega frå Statsforvaltaren viste kommunen til at det ikkje er tale om meir biomasse, men at fleire aktørar er interessert i å flytte sine eksisterande anlegg ut til denne staden, da her er betre vassforhold. Flytting av anlegga til Fedje kan betre tilhøva både for akvakulturproduksjonen og vasskvaliteten totalt i distriktet som følgje av betre egna produksjonsområde.

Kystverket gjorde greie for at ein treng staden for å få los til/frå skip. Området er verhardt og ein må ha eit godt sjø-rom for å få los til og frå skip. Det er stor skipstrafikk i området, m.a. til og frå industrianlegga. Eit akvakulturanlegg her vil ha verknad for skipstrafikken. Området er også for nært kvit sektor for fyrykt, område som skal vere trygt skipsfarvatn.

Statsforvaltaren viste til at det er viktige stammer av villaks som passerer i sjøområda. Situasjonen for villaks er dårlig pga. påverknad av lakselus. Det er spørsmål om fjordane og sjøareala her kan ha meir akvakultur.

Partane kom ikkje fram til semje. Motsega er ikkje løyst.

#### Austrheim kommune – område Øksnesmarka

Statsforvaltaren har motsegn til planforslaget i sjø utanfor Øksnesmarka.

Forslaget har hamn og kombinert formål i sjø. I kommuneplanens arealdel (kpa) for Austrheim er område på land sett av til næring og eit område i sjø til hamn knytt til næringsområdet. Berre sjøareala er med i denne planen, men det er nært knytt til og grenser til planlagt næringsformål på land. Det er meldt oppstart sommaren 2022 på planprosess for reguleringsplan for heile dette nærings- og hamneområdet i kpa.

Austrheim kommune opplyste at kommunen har kjøpt landområdet for næringsverksemد og tenker det utnytta saman med sjøområdet rett utanfor. Kommunen ser sjøområdet som godt egna for produksjon av marine arter, for seg sjølv eller saman med landareala. Det er i tillegg djup sjø og god vasskvalitet.

Landarealet har god tilkomst sjøvegen. Landarealet er eit ugjestmildt område, ikkje i bruk til eller eigna for friluftsliv. Myrane er torvmyrer som det er mange av. Næringsområdet på land vil trenge hamn. I tillegg er sjøområdet godt egna for marin produksjon.

Statsforvaltaren viste til at det tilgrensande området på land kom inn i kpa. som eit potensielt næringsområde. Dette området har vore foreslått inn i kpa., og deretter blitt tatt ut igjen, før det blei tatt inn med semje om at det må bli betre utgreidd før ein kan vurdere om området kan vere eit utbyggingsområde og nyttast til næringsverksemد. Kommunen må avklare bruken av landområdet før ein kan legge inn anna utnytting av sjøareala pga. samanhengen mellom areala på land og sjø. Statsforvaltaren viste m.a. til naturmangfaldet i landområdet. Sjøarealet må elles sjåast i samanheng med forholda i fjorden totalt sett, både for lakselus og utslepp av nærings-saltar, og andre utslepps-løyve som er gitt.

Pga. samanhengen mellom næringsområdet på land og utnytting av dei tilgrensande sjøareala var partane samde om at både landområdet og sjøområdet må bli tilstrekkeleg utgreidd for tiltenkt bruk; for å vurdere om det ligg til rette for den foreslegne arealbruken. Slik utgreiing kan bli gjort i ein reguleringsplan med tilstrekkeleg konsekvensutgreiing.

Sjøområdet blir tatt ut av den interkommunale sjøplanen. Reguleringsplanen for landområdet kan, dersom kommunen ønskjer det, utvidast til å omfatte dei aktuelle sjøområda. Det er opp til kommunen som planmyndigkeit å setje grensene for dei områda i sjø som ein vil ha inn i reguleringsplanen. Partane er innforstått med at det t.d. kan vere det området som er foreslått i sjøplanen. Det er kommunen som



planmyndighet som kan foreslå utviding av planområdet for reguleringsplanen, omfanget av arealet i sjø og bruken av dette.

Partane var einige om å løyse motsega med følgjande:

- Lokalitet Øksnesmarka i Austrheim kommune er ikkje tilstrekkeleg utgreidd i kommuneplanens arealdel. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing for land og sjø. Planarbeidet skal gi grunnlaget for vurdering av om planlagd arealbruk og tiltak kan gjennomførast.
- Området i sjø til Øksnesmarka med hamn og kombinert formål blir tatt ut av den internasjonale planen for sjøareala.
- Kommunen kan som planstyresmyndighet utvide reguleringsplanen for næringsområdet til å omfatte ytterlegare areal i sjø.

Meklinga førte fram til semje.

#### Masfjorden kommune - Totland

Statsforvaltaren har motsegn til området AKV-08, Totland.

Forslaget for AKV-08, akvakultur for produksjon av smolt og yngel, gjeld område både på land og i sjø. I kommuneplanens arealdel er området LNF og hovudformålet i sjø. På land står det ein gammal fabrikkbygning som er i dårleg stand. Kommunen ønskjer å få denne riven og å få anna verksemد på staden.

Kommunen viste til at dette er eit distriktsområde som treng arbeidsplassar og næringstiltak. Strandsona er ikkje urørt. Utover det gamle fabrikkanlegget er noko av strandsona prega av steinmassar frå veganlegg. Kommunen er også usamd i vurderingane til Statsforvaltaren om utslepp og ureining i fjorden. Her er fleire faktorar som kan ha verknad for om det eventuelt skulle vere ureining.

Statsforvaltaren gjorde greie for at hovudinnvendinga mot planforslaget er vasskvaliteten i Masfjorden og følgene av ytterlegare utslepp. Alle ytterlegare utslepp vil vere i strid med vassdirektivet. Det gjeld uavhengig av kva som fører til forureininga. Her er fleire tiltak som har måttå innskrenke verksemda av denne årsaka.

Partane blei samde om at det må utarbeidast reguleringsplan med konsekvensutgreiing som bygger på miljøføresegnene i den interkommunale sjøplanen for å utgreie om tiltaka kan gjennomførast. I så fall må utslepp bli ført utanfor den ytste terskelen i Masfjorden. Det ligg ikkje føre kunnskapsgrunnlag for å vurdere konsekvensane av å føre utslepp utanfor den ytste terskelen, og dette må vere eit sentralt tema i ei konsekvensutgreiing. Det må sikrast med rekkekjekrav.

Partane var samde om følgjande tillegg i føresegnene for planen:

#### Pkt. 3.1.9 nytt fjerde avsnitt:

For område Totland (AKV-08) i Masfjorden kommune kan det ikkje opnast for tiltak før det er sikra at utslepp blir ført ut forbi den ytste terskelen i Masfjorden. I tillegg kan det ikkje opnast for produksjon av smolt/oppdrettsfisk på staden, før utslepp til sjø er lagt i eigen sjøleidning, som går ut forbi den ytste terskelen i Masfjorden, sjå nedanfor pkt. 3.1.9 c) i c 3.

#### Pkt. 3.1.9 c) i c Masfjorden nytt pkt. 3:

For lokalitet Totland (AKV-08) gjeld at denne ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing for sjø og land. Planarbeidet skal gi grunnlag for vurdering om planlagde tiltak kan gjennomførast.



Området og anlegget kan ikkje ha utslepp til denne delen av Masfjorden, men skal førast ut forbi ytste terskelen i Masfjorden. Planlagt smoltanlegg kan ikkje takast i bruk før dette er sikra/utbygd. Alle inngrep og følger av anlegget skal utgriast i KU og med særskilt vekt på:

- Følger av sprenging og inngrep på land
- Følger for vasskvaliteten i vassførekomsten, jf. pkt. 3.1.9.

Meklinga førte fram til semje.

#### Konklusjon

Meklinga førte fram for Austrheim og Masfjorden kommunar. Dersom kommunane vedtar sjøplanen i samsvar med meklingsresultatet, vil motsegnene frå Statsforvالتaren falle bort.

Vi ber om å få tilsendt dei endelige og oppdaterte plandokumenta og planvedtaka i kommunane Austrheim og Masfjorden. Vi vil då sjå at motsegnene er borte, eventuelt at vi kan trekke motsegnene formelt. Dersom kommunane vel å vedta planen med endingar som er i strid med meklingsresultatet og den semja som går fram av dette brevet, vil dei aktuelle motsegnene framleis gjelde. Då gjeld det som vi skriv nedanfor til Fedje kommune.

Meklinga førte ikkje fram for Fedje kommune. Kommunen må då ta stilling til vidare handsaming av planen, eventuelt om kommunen vil bringe planen inn for Kommunal- og distriktsdepartementet til endleg avgjerd. Kommunen må i slike tilfelle førebu saka for oversending og sende ho med nødvendige vedlegg til Statsforvالتaren og med kopi til Kystverket som også har motsegn. Vi vil gjennomgå saka, gjere eventuell nødvendig sakshandsaming og sende ho vidare til departementet med vår tilråding. Kommunen kan i eit slike tilfelle kontakte oss for rettleiing om sakshandsaming og tilrettelegging av oversendinga.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
ass. statsforvالتar

Svein Kornerud  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900 5020 BERGEN

#### Mottakerliste:

Region Nordhordland			
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND